

PROTOKOLL NAMNEKOMITEEN

Dato: Tysdag 9. mai 2023

Til stades: Winfried Dallmann, Anne Urset, Per Kyrre Reymert, Oddveig Øien Ørvoll og Ivar Stokkeland

Referent: Stokkeland

Komiteleiar Ørvoll informerte om at Store norske leksikon (SNL) har tatt kontakt med oss og med Språkrådet om skrivemåten av Dronning Maud Land og ein del andre polare stadnamn. Språkrådet inviterte så til nettmøte med NP, som vart halde i mars. Frå NP deltok Ellen Øseth, Ørvoll og Stokkeland. Partane argumenterte for kvart sitt syn utan at vi kom lenger enn før. Kultur- og likestillingsdepartementet og Klima- og miljødepartementet er informerte.

Vidare har Ørvoll oppdatert namnebasen med korrigeringar og innlegging av fleire tekstar på norsk.

Sak 440: Longyearbyen

Eiliv H. Ulvestad foreslår å gjera Jons(s)stad eller Jon(s)byen til offisielt namn på Longyearbyen. Komiteen vurderer Longyearbyen som eit etablert og anerkjent norsk namn etter vanleg mønster på Svalbard. Forslaget vart avvist.

Sak 441: Namneforslag på Jan Mayen

Ola Nordsteien foreslår nytt namn Sørbretjønna på ei lita tjørn i lia nedanfor Sørbreen. Sjølv om tjørna er av varig art, har ho ei lengd på berre 50-60 meter. Komiteen vurderer at dette er for smått til å trenga namnsetting. Vi ser heller ikkje særlege grunnar til å vedta namn her.

Sak 442: Namneforslag i St. Jonsfjorden

Michael Plattner foreslår Skadibukta som namn på ei vik i St. Jonsfjorden. Vika har kome til syne gjennom at Konowbreen har trekt seg tilbake. Plattner melder at Skadi er namnet på ein seglbåt, han har fleire gonger vore med på tur med denne, der dei har ankra opp i den aktuelle vika. Skadi er også eit namn henta frå norrøn mytologi.

Gjennom bresmelting har det vakse fram fleire relativt store bukter i St. Jonsfjorden, som det er på tide å gje namn til. Dette gjeld Gaffelbreen, Konowbreen og Vestre og Austre Osbornebreen. Komiteen fann det naturleg å gje desse større elementa namna Gaffelbukta, Konowbukta og Osbornebukta. Den aktuelle vika ligg då som ei mindre, namnlaus grein av Osbornebukta. Nedanfor Bullbreen ligg det ei litt mindre bukt som førebels heller ikkje har fått namn.

Vedtak: Gaffelbukta, Konowbukta og Osbornebukta er godkjende namn i St. Jonsfjorden.

Sak 443: Forslag om namneendringar på Edgeøya

Antirasistisk Front foreslår at Negerpynten, Negerdalen og Negerfjellet blir omdøpte til Svartpynten, Svartdalen og Svartfjellet. Dei viser til at neger er eit rasistisk ord og referer til anbefalingar frå Språkrådet om ikkje å bruka dette.

Saka inneheld mange interessante aspekt og må få grundig behandling. Komiteen vedtok å utsetta saka til neste møte.

Sak 444: Forslag om nye fjellnamn ved Kongsfjorden

Geir Wing Gabrielsen foreslår namn på tre fjell nord for Kongsfjorden:
Liestølfjellet eller Stølen
Øritsland eller Øritsfjellene
Ohtafjellet eller Baugen

Komiteen kan ikkje etter retningslinjene våre driva slik personoppkalling som ein del av forslaga inneber. Fjellformasjonane i dette området er markante nok til at det er relevant å setta namn. Den første fjellformasjonen ser ovanfrå ut som ein sjøhest.

Komiteen kom ikkje fram til eit godt namn på fjellformasjon nummer 2. Vi vil koma tilbake til spørsmålet seinare. Baugen finst frå før to stader på Svalbard. Denne baugen står inn i Conwaybreen.

Vedtak: Sjøhesten og Conwaybaugen er godkjende fjellnamn nord for Kongsfjorden.

Sak 445: Forslag til nye namn rundt Kongsfjorden

Anders Skoglund foreslår sju nye namn rundt Kongsfjorden: Skeia, Isgrunnodden, Botnaksla, Kløyvodden, Snøberget, Fnuggbreen og Fjoma.

Komiteen vedtok fem av desse uendra, og vedtok alternative forslag for to.

Vedtak: Skeia, Isgrunnodden, Bulben, Botnaksla, Fnuggryggen, Fnuggbreen og Fjoma er godkjende namn rundt Kongsfjorden.

Sak 446: Forslag til nytt fjellnamn i Nordenskiöld Land

Mathias Galauz foreslår Sacherfjellet som namn på fjelltopp aust for Birkafjellet. Han viser til at dei var ei gruppe austerriske studentar som bakte sachertorte før dei tok seg opp på fjellet.

Dette ville i så fall bli ei slags personoppkalling. Fjellet ligg nært Birkafjellet, Birka er ein gammal kaupang (frå 700-talet) i svenske Mälaren. I nærleiken av Birka låg kongsgarden Hovgården.

Vedtak: Hovgården er godkjent fjellnamn i Nordenskiöld Land.

Oddveig Ørvoll

Polkayne Reynart

Arne Steinhilund

Wesley Dallan

Anne West

